

Vedlegg B-1

1.6.14 UTDRAK

Tilhøve mellom busetnad og tomt

- Einebustad er ei bueining (primær) + eventuell sekundærhusvære på inntil 70m².

Tilhøvet mellom primær- og sekundæreining kan vere inntil 3:1.

Tomannsbustad treng ikkje vere to like store bueiningar

- Minste tomteareal for einebustader er 650 m² og for tomannsbustader 1000 m² (500 m² per bueining).

For eine- og tomannsbustader gjeld følgjande: Største gesimshøgde er 8,0 m og største mønehøgde er 9,0 m, målt frå gjennomsnittleg planert terreng

- I område der eine- og tomannsbustader dominerer, skal det som hovudregel ikkje byggast hus med fleire enn to bueiningar
- Bygd areal (BYA) skal ikkje overstige 30 %. Samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus skal ikkje overstige 400 m².

Dersom det ikkje er bygd garasje samtidig med bustaden, skal det ved utrekning av samla bruksareal (BRA) reserverast minst 36 m² for bygging av frittstående garasje.